

Samferdselsdepartementet

Boks 8010 Dep
0030 Oslo

postmottak@sd.dep.no

Høyringsuttale om utkast til ny postlov

Vi viser til høyringsnotat datert 22. oktober 2014 med utkast til ny postlov og postforskrift.

Landslaget for lokalaviser, LLA, vil i hovudsak gi uttale om forhold som vil ha direkte innverknad på postdistribusjon av aviser til abonnentar i alle deler av landet. Vi vil spesielt ta opp laurdagsdistribusjon der det er foreslått drastiske endringar i postomdelinga.

Landslaget for lokalaviser er interesseorganisasjonen for om lag 110 lokalaviser, dei fleste fådagarsaviser, som kjem ut frå Svalbard i nord til Søgne i sør. Opplaget for LLA-avisene er vel 350.000, og er relativt stabilt. Dei lokale fådagarsavisene har framleis mesteparten av inntektene frå papiravisa, både lesarinntekter og annonseinntekter. Slik vil det vera i mange år framover; det er grunn til å tru at papiravisa vil vera ein berebelje for inntektene til lokalavisene i overskodeleg framtid. Utvikling av digitale tilbod, som nå pågår for fullt, vil koma i tillegg, eller på sida. Det er altså snakk om ei framtid med både papiravis og digitalt medietilbud.

Det er altså ikkje slik at ein ser for seg at behovet for distribusjon av papiraviser om nokre år vil falle bort. Per i dag er det papiravisa som i all hovudsak finansierer journalistikken i lokalavisene, og sjølv om det digitale vil kome sterke, vil papiravisa etter alt å døme vere viktig inn i det framtidssbildet det er realistisk å kunne seie noko om, altså eit tiårs perspektiv.

LLA vil også peike på at posttenester er ein viktig del av infrastrukturen i heile landet, og slik viktig både for bedrifter og folk flest. Det er viktig at endring i postloven, og posten sine tenester, ikkje skal føre til konkurranseulempemål for næringsverksemder i distrikta.

Lik kvalitet, frekvens og pris på posttenester i alle deler av landet er ein viktig del av infrastrukturen for bedrifter og innbyggjarar.

Laurdagsomdeling

I høyringsnotatet blir det foreslått at postomdeling på laurdagar ikkje lenger skal vera ei leveringspliktig teneste. Det blir framsett to alternativ; eitt der all postdistribusjon på laurdagar blir avvikla, eitt alternativ der Posten distribuerer avisene ikkje har eige distribusjonsnett.

Det går fram av høyringsnotatet at å oppretthalde framføring av aviser på laurdagar vil ha ein kostnad på 50-120 mill. kroner. Det er direkte provoserande når ein i notatet stiller spørsmål ved om nytten står i forhold til kostnadane med statlig kjøp av slik teneste.

Vi vil vise til §100 i grunnlova om ytringsfridom. Pressefridom og eit mangfold av godt fungerande

medier er ein føresetnad for ytringsfridom, rettstryggleik og eit levande demokrati. Mange og gode ytringskanalar er ein føresetnad for reell ytringsfridom.

Det vil ta seg därleg ut om Noreg, som internasjonalt framhevar seg som førsteklasses demokrati, svekker infrastrukturen som gjer det muleg for avisene å nå fram til lesarar i heile landet seks dagar i veka, og altså laurdagar.

Avisdistribusjon må spesifikt med under samfunnsansvaret i Postens konsesjon.

Lokalavisene er spesielt avhengig av distribusjon gjennom Posten. Mange av dei kjem ut i område der det er for grisgrendt til å halde seg med eigen distribusjon. I tillegg har lokalavisene ein stor del av abonnementane spreidd rundt om i landet. Om lag kvar fjerde abonnent held til utanfor lokalavisenes primære dekningsområde. I realiteten har ikkje desse avisene noko alternativ til Posten for distribusjon av heile eller store deler av opplaget.

Det same gjeld riksavisene som held til i Oslo.

For dagsavisene og fådagarsavisene som har laurdagsutgåve er dette ein svært viktig avisdag. Marknadsutviklinga går i tydeleg retning av at papiravisa er aller viktigast inn mot helg. Då har mange betre tid enn i vekedagane til å nyte papiravisa. Dette gjer og avisutgåvene mot helg viktige for annonsørane og dermed også for annonseinntektene. I ei tid der avisbransjen slit tungt vil det difor vere svært alvorleg om Posten sitt tenestetilbod skal kunne tvinge avisene til endringar i utgjevardagar. Det må vere soleklart at det er avisene sjølv som må vurdere marknaden og slik utgjevardagar, utan at ein leverandør av infrastruktur som Posten skal påverke. Det er fleire aviser som i uttale til oss seier at laurdagsavisa er det viktigaste "limet" til lesarane.

"Dersom det ikkje lenger blir postdistribusjon av aviser på laurdag så vil det er praksis bety at laurdagsavisa til Vest-Telemark Blad er historie. Mange les avisa på jobben i vekene, men dei må abonnere på grunn av laurdagsavisa. Laurdagsavisa er innhaldsrik og for mange det store høgdepunktet til frukosten. Laurdagsavisa er fundamentet vårt", skriv redaktør Øystein Øygarden til LLA.

Det er òg verdt å merke seg at det er ein god del av lokalavisene som har ei trykketid for fredagssavisa som gjer at denne ikkje blir delt ut til fjernabonnementane før laurdag. Desse abonnementane vil ikkje få avisar før mandag dersom det ikkje er laurdagsomdeling.

LLA ser at nedgang i samla postmengd er ei utfordring for Posten, og at det difor er ønskje om å redusere kostnadane. Men vi vil samstundes peike på at målet med Posten må vere infrastruktur, å sikre innbyggjarane landsdekkande, gode posttenester til fornuftig pris.

Dersom det ikkje er muleg å oppretthalde generell omdeling av post laurdag vil LLA be om distribusjon av avisar, til alle deler av landet, blir leveringspliktig del av posten sine tenester. Vi vil framheve at avisene må nå fram til fjernabonnementane på laurdagar som dei andre utgjevardagane. Med andre ord må det vere transport mellom dei forskjellige regionar og landsdeler.

Vidare er det viktig at sjølv om Posten kan samarbeide med andre aktørar må det vere Posten som har det heile og fulle ansvaret for tenesta. Ellers risikerer små lokalavisar å bli prisgitt tenester frå andre aktørar, også konkurrentar i avismarknaden.

Prisen for distribusjon på laurdagar må vere den same som dei andre dagane i veka.

Fjerning av Postens einerett på brev under 50 gr.

Det er foreslått å gjennomføre EUs tredje postdirektiv, med full liberalisering av postmarknaden i Norge, med oppheving av Posten Norge As' einerett til å formidle brev under 50 gram.

LLA vil uttrykke stor skepsis til å innlemme tredje postdirektiv i norsk lovgeving og vil be om at det blir gjort ei grundig vurdering av uheldige konsekvensar.

Det er ein føresetnad at det blir gjort tiltak for å hindre uheldige konsekvensar ved oppheving av Postens einerett på brev under 50 gram.

Med full liberalisering vil det vere reell fare for at det vil bli store forskjellar i pris på posttenester i ulike deler av landet. Dette kan bli svært uheldig for næringsliv og innbyggjarar i distrikta. Det er viktig med vidareføring av enhetsporto på brev og akseptabelt prisnivå på distribusjon av aviser i alle deler av landet.

Dette står i fare dersom indrefileten i posttenestene, distribusjon i byar/tettbygde strøk, blir trekt ut av private aktørar, og den dyrare distribusjonen til og i distrikta blir ståande att. Då vil gjennomsnittsprisen her stiga kraftig.

Ved ei eventuell liberalisering av posttenestene må denne gjennomførast ved konkurranseutsetting, og på ein slik måte at overskot på distribusjon i lønsame deler av landet kan brukast til å utjamne prisen til alle deler av landet, og slik halde nede enhetsportoen på all post inkludert avisdistribusjon. Ellers kan nivået på avisportoen i, og til distrikta gje lokalavisene banesår.

Hovudpunkt

Posten Norge AS si samfunnsrolle må styrkast og setjast over økonomisk resultatkrav. Å ha gode posttenester til alle husstandar i heile landet seks dagar i veka til ein fornuftig og pårekneleg pris er ein viktig føresetnad for busetnad og næringsliv i heile landet.

Posttenestene er slik eit viktig grunnlag for at det skal koma ut aviser i heile landet, og spesielt for lokalaviser og riksaviser er Posten viktig. Slik er posttenestene avgjerande for å nå måla om mangfold i media, reell ytringsfridom og lokalt demokrati.

LLA meiner at det er eit politisk ansvar å syte for at det i Postens konsesjonsvilkår blir tatt inn klare krav om Postens viktige samfunnsoppgåve ved å syte for at distribusjonstilbodet medverkar til å setja lokalavisene i stand til å kunne oppfylle si demokratiske rolle både i distrikts-Noreg og landet elles.

Oslo, 26. januar 2015

Venleg helsing
Landslaget for lokalaviser

Rune Hetland (S)
Generalsekretær
Direktetelefon 452 89 444
E-post: rune@lla.no